

## Norsk klædebonad.

Det er den tid, at folk tek til aa tenkje paa klæde til vaaren. Og difor tenkte vi det kunde vera høveleg tid for „Heimen“ til aa koma med nokre av dei bilæta og utgreidingane um tidhøvelege bunader, som vi gav fraasegn um i fyrste nr. av blade.

Og vi skal daa gjeva orde til *fru Hulda Garborg*.

Som alle veit har fru Garborg i mange aar drive paa med studium av norske bygdebunader. Og det

finst vel knapt ein bygdebunad i heile lande, som ho ikkje kjenner til. Kjennskapen til dei gamle norske bunaderne er eit godt grunnlag aa arbeide vidare paa, naar det gjeld aa arbeida upp ein sjølvstendug norsk skurd i klædevegen.

„Vi meiner og trur, at det gildaste er aa vera ein Norigs mann; men hugs a vi maa, at den store verd er berre vaart store fedraland,“

syng Vinje. Og dette gjeld vel ikkje minst um den ytre kulturen, dermed ogsaa klæda. Ja, sjølv sagt maa tidhøveleg norsk-klædebunad koma inn under den store vekselstraumen og faa si sliping der. Men sjølv grunnlage maa vera heiltupp norsk, um dei skal kjenne seg trygge, dei som skal arbeide saka vidare fram. Difor er vi svert takksame mot fru Garborg for at ho vil yte si gode hjelp.

Her som i andre land kjem det vel til aa bli kunstnarar i faget, slike som maa syta for den endelege, æstetiske utforming. Men i vaare mange, meir og mindre kjende bygdebunader har vi ein rikdom av idear til vakre tidhøvelege bunader saa ein snaut finn maken til det i dei store kulturlanda. Og for det gode fyrebuingsarbeid som er gjort med aa samle alt dette gilde tilfang skal fru Garborg ha takk og ære!

Fru Garborg fyller 59 aar no den 22 februar. Og vi vil daa faa lov aa ynskje henne helsa og livedagane til aa halde fram med alle sine nationale yrkje! Vi treng ikkje nemne dei alle her; for vi kjenner saa vel til det alle saman,

## „Tidhøvelege bunader“.

Det var gildt aa sjaa, at „For Bygd og By“ vil koma med teikningar til „tidhøvelege“ bunader; det er vel daa meiningi aa faa fastare fornar upp att likesom i dei gamle bygdebunader, so ein med godt samvit kan bruka godt heimety; den som skal fylgje moten og skaffe form kvart fjordungsaar lyt bruka ty deretter. Aa fylgja moten i alt er og i andre maatar dyrt. Dumt er det attaat, veld tid-hefte og harme av mange slag.

Ikkje kan alle desse paafynster fraa Paris, London og Wien høve i alle land og i alle livshøve, og ikkje kan dei klæ alle heller.

Det rette maa vera aa faa ei fast grunn-form, som er høveleg og klædsam, og so brigde den i farge og prydnad etter tid og tilhøve.

Til høgtid som til kvardag\*) hev me gamle bygdebunader som er baade praktiske, fagre og utruleg billege. Men det er sant, at dei oftast høver mindre godt for by- og reiselive, slik som dei no er. D. v. s. i heimane kan mange av dei høve godt i byen og, men mindre paa gata.

— Men hev ein funne ein bunad som høver att ein, og ein er glad i, so kan ein lett bruka grunnform til gate- og reiseklæde og med litt umtanke. So hev eg gjort meg Golsbunaden, som eg no i meir enn 12 aar hev bruka til festbunad. (Eg gjorde straks stakken noko mindre vid og tok burt det rosute forklæde, som eg tykkjer skipla den fine saumen

paa live). Venare høgtidsklædning veit eg ikkje, og den hev spara meg mange pengar og mykje tid. Saumar ein han sjølv kostar han paalag 20 kr. med kvit utsauma skjurte til.

Og han er lett aa sauma; ein treng ikkje ha lært „skræddarsaum“ til det. (Mynster i norsk huflidsforening).

\*) Som eg hev tek upp att hundrad gonger i skrift og tale: Høgtidsbunaderne høver aldri til arbeidsbunader; alle gode bygder hev havt og hev serskilde arbeidsklæde, som alle er beint fram ideale.



Men til gate- og reisekjole saumar eg han i andre fargar og med meir nymotens skurd paa stakken. Eg tenkte kan hende lesarane av »For Bygd og By» kunde ha moro av aa sjaa eit bilæte av slik ein reise-halling-bunad og sender daa eitt. Diverre er det noko myrkt, so ein ser ikkje saumen godt, og so er sjølvsagt kjolen endaa mykje finare paa ei ung mjaavaksi dros. Men ein fær daa ei meining um lage paa han.

Heile kjolen er sauma av heilull vosseverken, fint, mjukt, *apersa*. Stivpersa verken og vadmaal er aldri vent korkje til kar- eller kvende-bunad. Fargen er ljós-brun (gullan-brun); det vesle ermelause live som er fastsauma paa stakken, so ein ber tyngdi av heile stakken paa akslane, er utsauma i Hallingmynster med myrkare brun silke — tri avskyggingar. Skjorta er einfeld med glatte lange ermar og av same ty som stakken.

Sylgje og spenne er av kopar, teikna og arbeid av ei norsk dame. Likeins hatte-naalene. Dei lyt eg segja tvo ord um serskilt: dei er laga til minne um ei Nordlandsferd, og kunstnaren hev teke emne fraa Nordlandsnaturen. Paa den eine er ein halv baat og havbaaarar og fjell, paa den andre ein fugl paa eit skjær. Ein kan og faa dei i sylv; det er ny, god, norsk sylvsmedkunst som me burde stydja, istadenfor aa kaupa tysk kram.



Hatten er og brun, i same fargebrigd som silkesaumen paa live; og blomane (crysanthemum) er raudfiolette og er likeins fint norskt arbeid. (Fraa norsk husflidsforening).

Til kjolen høyrer ei glatt, lang trøye av same verkene; og alle tykkjer denne norske reisebunaden\*) er ven. Til halsplagg brukar eg eit raudfiolett silkeplagg, som høyrer til ein gamall Rørosbunad — plent same farge som blomane.

Eg hev laga mange slike norske reformkjolar, som eg drøymde um aa faa synt fram ein gong i Kristiania. Ein var av kvitt vadmaal med Hallingsaum, ein graa med fin gamall Telemarksaum, ein raud med serskild fine band fraa Sæfisdalen, o. s. b. Eg laante desse kjolane burt til mange som var glad i dei, so dei

kunde saume seg maken; men det vart for mykje bry og kostnad, dette paa lengdi. Gjekk so til »Figgen», til »Norsk husflidsforening», til »Den kvindelige industriskole», til »Bongdeungdomslage», og spurde um dei vilde hjelpa til med aa faa istand eit sjaa av slike norske kjolar, saman med nokre gode *kvardagsbunader* fraa ymse bygder (Øysterdalen, Hallingdal o. a.). Men nei; dei brydde seg ikkje um det.

Jau; »Den kvindelige industriskole», der bøndegjentur fraa heile lande sit og »modellerar» Paris-kjolar, tykte rett at det var »vakkert og interessant», dette, og bad um aa faa laane heile kufferten. Dei vilde teikne av, og »kan hende» saume noko etter dette. Um tvo maanar laut eg ha att kufferten; daa hadde dei teikna av — ei Hallingluve<sup>o</sup>).

Ein skiklædning av graatt vadmaal fraa Hedemarken med Telemarksaum er eg kry av; men han hev no

hange tri aar paa klæderome mitt, vert vel og hangande der.

Hadde eg sagt dei var fraa utlande ein kvar staden desse kjolane hadde eg sagt faatt hjelp. Eg minnst noko som eg lyt fortelja um ein Øysterdalsbunad.

Eg synte fram ein 5—6 norske bunader til ei bydame, og ho var svært<sup>o</sup> upplødd for dei, men, men — dei var for norske likevel for henne, skyna eg. Daa tok eg fram ein Øysterdalsbunad og sa: »sjaa her hev

eg ein roccoco-bunad fraa normandi — Frankrik — den er annleis.«

Daa var ho med ein gong heilt med: »Ja, det er straks en anden sving, sa ho; »det er saa rart med alt fransk; en ser det straks. Den er nydelig!»

Aa ja, ein hev mang ei morostund og!

Men nokre hundrad kronur og mykje, mykje arbeid hev eg kasta burt burt paa »tidhøvelege norske bunader».

Hulda Garborg.

Hvalstad, februar 1912.



\*) »Spisestengt!».

<sup>o</sup>) Dei orsaka seg, og bad meg istaden halda eit foredrag um bunaden dei.